

Sjekkliste for prøvenemnder

Prøvenemnda skal sende dokumentasjon til Møre og Romsdal fylkeskommune snarast:

Etter alle praktiske prøver

- Oppmeldingsskjema/prøveprotokoll, fullstendig utfylt og underskriven av både leiar og medlem
- Oppgåva kandidaten har fått utdelt og dokumentasjonsskjema med vurderingsgrunnlag

Dersom kandidaten er gitt karakteren IKKJE BESTÅTT

- Den skriftlege informasjonen prøvenemnda har gitt kandidaten om prøveavviklinga
- Innkallinga av kandidaten til prøva
- Tilleggsprotokoll
- Kandidaten si eigenvurdering av prøva
- Prøvenemnda sine undervegsvurderingar av prøva (t.d. vurderingsskjema)
- Fagleg oppsummert grunngiving av karakteren IKKJE BESTÅTT. Denne grunngivinga skal vere skriven slik at ho kan sendast til kandidaten og kunne nyttast i ei eventuell klagebehandling.
- Alle fotografi og/eller nøyaktige beskrivingar nemnda har frå prøva
- Prøvenemnda må sikre, dokumentere og ta vare på prøvearbeidet.

Viktige punkt ved prøveavviklinga:

- Prøvenemnda må ta stilling til om begge medlemene er habile ([forvaltningslova § 6](#))
- Begge medlemene i prøvenemnda skal vere til stades ved prøvestart og prøveslutt ([forskrift til opplæringslova § 3-54](#))
- Prøvenemnda må gi kandidaten skriftleg informasjon om prøveavviklinga ([forskrift til opplæringslova § 3-53](#))
- Prøvenemnda skal gjere kandidaten kjent med korleis dei ulike delane av prøva skal leverast (planlegging/gjennomføring/eigenvurdering) ([forskrift til opplæringslova § 3-53](#))
- Ved særskilt tilrettelegging av prøva skal prøvenemnda ha mottatt informasjon frå fylkeskommunen før oppstart ([forskrift til opplæringslova § 3-61](#))
- Prøvestaden skal vere godkjent og klargjort før prøva startar
- Kandidaten skal ha mottatt oppgåva skriftleg ([forskrift til opplæringslova § 3-54](#))
- Oppgåva skal vere presis slik at det klart går fram kva ho går ut på og kva hjelpemiddel kandidaten kan nytte seg av ([forskrift til opplæringslova § 3-53](#))
- Prøvenemnda skal sikre at kandidaten har forstått oppgåveteksten

- Tidsramma for fagprøva skal vere innanfor tidsramma i læreplanen og kandidaten skal ha reelt høve til å utføre eit kvalitetsmessig godt arbeid på tildelt tid ([forskrift til opplæringslova § 3-53](#))
- Prøvenemnda skal gjere kandidaten kjent med hovudpunkta i vurderingskriteria og kva som blir forventa av måloppnåing for dei ulike karakterane ([forskrift til opplæringslova § 3-53](#))
- Det skal vere klart korleis tilsynet skal gjennomførast og dokumenterast dersom prøvenemnda har etablert tilsyn (tilsynsperson frå lærebedrifta) under prøva ([forskrift til opplæringslova § 3-54](#))
- Prøvenemnda skal avklare kven som har dobbelstemme og som dermed avgjer karakteren ved usemje og likt stemmetal før prøva startar ([forskrift til opplæringslova § 3-55](#)) Den som har dobbelstemme skriv under protokollen som leiar.
- Prøvenemnda skal sikre prøvearbeidet slik kandidaten har levert arbeidet, sikra med foto og nøyaktige beskriving ([forskrift til opplæringslova § 3-58](#))
- Karakteren IKKJE BESTÅTT er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven. Er karakteren IKKJE BESTÅTT må karakteren grunngivast. Grunngivinga skal vere fagleg formulert og skal oppsummere heilskapen av den kompetansen kandidaten har vist. Utdanningsavdelinga gir kandidaten melding om karakteren og grunngivinga skal kunne sendast slik prøvenemnda har gitt den. Grunngivinga er grunnlaget for ei eventuell klage og må derfor innehalde all relevant informasjon.